



Hjelmeland kommune  
Vågavegen 116  
4130 Hjelmeland

Att. kommunalsjef  
Sigrund Kleppa

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Varsel om tilsyn med Hjelmeland kommune – skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering

Etter § 14-1 første ledd i opplæringslova har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunen oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova. Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og tilgang til lokale og anlegg når det er naudsynt for å ivareta Fylkesmannen sine oppgåver, jf. kommunelova § 60c.

I perioden 2014-2017 blir det gjennomført felles nasjonalt tilsyn knytt til skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Tilsynet er delt inn i tre område:

- skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa
- skulen sin forvaltningskompetanse
- arbeidet med skulebasert vurdering

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell for det felles nasjonale tilsynet. Rettleiingsmaterialet inneheld meir informasjon om dei ulike tilsynsområda og innhaldet i det felles nasjonale tilsynet, og er tilgjengeleg på [www.udir.no](http://www.udir.no).

Varsalet om tilsyn gjeld:

1. Tilsyn med korleis Hjelmeland skule arbeider med elevane sitt utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova kap.1, 2 og 5 og forskrift til opplæringslova kap. 1 og 3. Undertema i tilsynet vil vere skulen sitt arbeid med:
  - opplæring i fag, jf. opplæringslova §§ 2-3, 5-1 og 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 1-1, 3-1 og 3-2
  - undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13
  - undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og særskilt tilrettelegging, jf. opplæringslova §§ 1-3, 5-1, 5-4 og 5-5 og forskrift til opplæringslova § 3-11
  - vurdering av behov for særskilt språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8
2. Tilsyn med skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1 – undersøking av skulen si jamlege vurdering av eiga verksemd og måloppnåing. Med vurdering av eiga verksemd meiner vi at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

Gjennom å kontrollere om skuleeigar og skulane overheld dei rettslege krava, skal eventuell lovstridig praksis avdekkast og rettast opp.

### **Føremålet med tilsynet**

Hovudtema for det nasjonale tilsynet er retta inn mot skulen sitt kjerneområde: Å arbeide med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna målet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa og når ønska kompetanse. Elevvurdering, skulebasert vurdering og nasjonal vurdering skal sjåast i samanheng. De ulike formene for vurdering skal samla sett utfylle kvarandre og medverke til at den einskilde eleven blir motivert til å ta i bruk evnene og anlegga sine, og at dei nasjonale måla for opplæringa styrer arbeidet i skulen. Å bidra til at elevane på denne måten får eit godt utbytte av opplæringa, er det overordna føremålet med tilsynet.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Tilsynet skal bidra til at kommunen som skuleeigar syt for at:

- elevane får kjennskap til og opplæring i kompetansemåla som sentrale styresmakter har fastsett
- elevane får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
- elevane sitt utbytte av opplæringa blir vurdert kontinuerleg
- elevane blir følgde opp og får naudsynt tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Tilsynet med skulen sin forvaltningskompetanse skal også medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa og når ønska kompetanse. For å sikre at dette gjeld alle elevar, er det viktig å ta vare på dei som har behov for ekstra tilrettelegging. Skulen si avgjerd om tilrettelegging for elevar er eit enkeltvedtak. Reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova skal sikre at saksbehandlinga skjer rett etter lova og sikrar eleven sin rettstryggleik.

Hjelmeland skule må sikre føresette sin rettstryggleik gjennom å involvere dei i vurderingane før skulen tar avgjerd om særskilt tilrettelegging. I tillegg er det viktig at eleven sitt behov blir vurdert og kartlagt på ein fagleg forsvarleg måte. Dette skal medverke til at alle viktige behov og tilhøve kjem fram, og at elev og føresette forstår og ser verdien av tilrettelegginga. Både involvering og sakkunnig vurdering er viktige føresetnader for at skulen kan fatte eit vedtak som gir gode føringar for tilrettelegginga.

### **Gjennomføring av tilsynet**

Fylkesmannen har valt å føre tilsyn med Hjelmeland kommune si etterleving av lovkrava knytte til tilsynstemaet ved Hjelmeland skule. Tilsynet blir utført ved gjennomgang av innsend dokumentasjon og ved intervju.

Dersom Fylkesmannen finn lovbrøt, vil Hjelmeland kommune få førehandsvarsel om vedtak, jf. forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Kommunen vil så få ein rimeleg frist til å rette lovbrøt før Fylkesmannen vedtar eit eventuelt pålegg om retting. Tilsynet blir opna gjennom dette brevet, og vi viser elles til kontakt med kommunalsjef Sigrund Kleppa.

## **Plan for gjennomføring ser førebels slik ut:**

- 29.08.2017: Rettleiingsmøte for leiing og lærarar ved Hjelmeland skule, leiing og eventuelt andre lærarar ved andre skular i Hjelmeland kommune, og ansvarlege frå skuleadministrasjonen.  
Stad: Blir avtalt seinare  
Tid: 15-17.00
- 22.09.2017: Frist for gjennomføring av eigenvurdering i Reflex og innsending av dokumentasjon. NB! Dokumentasjon som er unntatt offentlegheit, må sendast pr. post
- 19.-20.10.2017: Kort opningsmøte, deretter intervju av tilsette og elevar ved Hjelmeland skule.
- 21.11.2017: Sluttmøte for leiing og alle lærarar ved Hjelmeland skule, leiing og eventuelt andre lærarar ved andre skular i Hjelmeland kommune, og ansvarlege frå skuleadministrasjonen.  
Stad: Blir avtalt seinare  
Tid: 15-17

Gjennomføring av intervju skjer på skulane. Intervjuplan blir sett opp i samarbeid med rektor ved skulen.

Fylkesmannen gjer merksam på at både førebels og endeleg tilsynsrapport er offentlege, jf. offentleglova § 3. Den endelege tilsynsrapporten vil bli publisert på Fylkesmannen si nettside.

### **Innsending av dokumentasjon**

Fylkesmannen ber Hjelmeland kommune om å gjennomføre eigenvurdering i Reflex (<http://reflex.udir.no>). Rektor skal fylle ut eigenvurdering for dei to nemnde tilsynsystemaa, det skal også lærarane om dette blir avtalt mellom Fylkesmannen og skulen. Rektor og dei aktuelle lærarane skal laste opp dokumentasjon (som ikkje er unntatt offentlegheit) som det blir vist til i eigenvurderingane. Skulen skal etter nærare avtale sende inn sakkunnige vurderingar, enkeltvedtak, IOP og halvårs-/årsrapport for elevar som har vedtak om spesialundervisning i dei faga/klassane som blir valde ut. Skulen skal også legge ved kartlegging og vedtak om særskilt språkopplæring for elevar med slikt tilbod i dei klassane som er med i tilsynet. Praktiske detaljar kring dette blir gjennomgått på rettleiingsmøtet.

Fylkesmannen ber også om at det blir gitt tilgang til It's learning eller anna aktuell læringsplattform.

### Særleg om utfylling av skuleeigar si eigenvurdering

- Skuleeigar skal i første omgang ikkje fylle ut eigenvurderingsskjema. Dette vil bli aktuelt dersom Fylkesmannen utvidar tilsynet til å omfatte om skuleeigar har eit forsvarleg system.

Plikta til å sende inn dokumentasjon følgjer av opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60c. Dokumentasjonen som blir send inn, kan berre bli unntatt offentlegheit i den grad det er heimla i offentleglova.

Fylkesmannen sitt tilsynslag består av Hjalmar Arnø, Anne Marie Melberg Skaar og Una Bjørnseth Haugen (tilsynsleiar). Spørsmål om tilsynet kan rettast til Una Bjørnseth Haugen, [fmroubh@fylkesmannen.no](mailto:fmroubh@fylkesmannen.no) eller tlf. 51568724.

Med helsing

Sølvi Ona Gjul  
utdanningsdirektør

Una Bjørnseth Haugen  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Una Bjørnseth Haugen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 24  
E-post: [fmroubh@fylkesmannen.no](mailto:fmroubh@fylkesmannen.no)

Kopi til:  
Hjelmeland skule Vågavegen 116 4130 HJELMELAND